



Til ungdomsskulane i Bergen og omegn

Dato: 29.05.2017

Vår ref.: 2016/9170-25

Saksbehandlar: siltot5

Dykkar ref.:

## Oppmoding om at elevar som har tatt imot plass ved private vidaregåande skular gir melding om dette til Inntakskontoret

Vi vonar at skulen din også i år kan oppmode elevar som har bestemt seg for å ta imot plass ved ein privat vidaregåande skule om å trekke søknaden sin til dei offentlege skulane. Dei dette gjeld kan sende ein e-post til [inntak@hfk.no](mailto:inntak@hfk.no), og opplyse referansenummeret på søknaden i vigo-systemet, eller fullt fødsels- og personnummer.

Sidan vi veit at opptil 1/3 av elevane i studieførebuande utdanningsprogram i Bergen tek imot plass ved ein privat vidaregåande skule, vil det vere svært bra at søkerane våre får inntaksmelding alt ved 1. inntaksomgang. Alternativet er at dei får melding om ventelistepllassering (ofte langt nede på ventelistene), og som gjer at dei er urolege for inntaksresultatet lenger enn naudsynt fordi privatskuleelevarne opptek ein plass som dei uansett ikkje skal nytte, men som ikkje blir frigjort før til 2. inntaksomgang i august.

Dette er ei oppmoding frå Inntakskontoret, og det er sjølvsagt frivillig om dei som har tatt imot plass ved ein privat vidaregåande skule trekkjer søknaden sin før 1. inntaksomgang. Dei fleste ungdommene har ei sterkt rettferdskjensle, og ved å fortelje om konsekvensane for andre søkerar trur vi at mange set pris på å bli minna om dette.

På førehand; Takk for hjelpa.

Venleg helsing

Nils Skavhellen  
inntaksleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.